
Saknr: 2020/48378-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbetningsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av rapporten for punkta 1, 2 og 3 til møtet i utvalet i november 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 04.11.2020.

Samandrag

Revisjonsrapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve, på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 13.06.2019. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den andre oppfølginga av revisjonen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppfølging av handlingsplan- vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 26/19 i møte 13.06.2019:

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

- 1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.*
- 2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompensierende tiltak mv.*
- 3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*
- 4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve der det i møte i kontrollutvalet 25.11.2019 vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetningspunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
- 2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbagemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.04.2020, på korleis forbetningspunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular er ivareteke i den nye fylkeskommunen.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 24.04.2020 frå fylkesrådmannen, som inneheld ny status for oppfølging av denne revisjonen. Sekretariatet har merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbetningsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular. Sekretariatet har vidare merka seg at punkt 4 i handlingsplanen er ferdig gjennomført medan punkta 1, 2 og 3 framleis er under arbeid. Ein del av dette arbeidet heng saman med budsjettarbeidet for 2021 som skal pågå utover i 2020. Noko arbeid er også utsett grunna situasjonen med Covid-19.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbetningsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular.

Det vert vidare tilrådd at kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av rapporten for punkta 1, 2 og 3 til møtet i utvalet i november 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 04.11.2020.